

Vikebukt 3.8.2021

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 Vestnes

Reg.plan Vike sentrum – Ny avgrensa høyring

Viser til brev datert 11.6.2021 angående foreslått turveg Alternativ 1 og Alternativ 2.

Kommunestyre har i møte 25.3.2021 sak PS-29/21 gjort vedtak om å sende saka tilbake til administrasjonen og bad om at foreslått tursti blir tatt ut av plankartet nord for SKV7. I ettertid har Statsforvaltaren kome med motsegn då friområdet GF4 vart utan tilkomstveg.

Alternativ 1

Dette alternativet inneheld veg til friområdet GF4 og leikeplassen BLK6 etter eksisterande veg SKV10 og G14. Denne vegen blir også i dag brukt som tilkomstveg til fleire naust og til friområdet GF4. Statsforvaltaren vil slik eg forstår det godkjenne denne tilkomsten.

Alternativ 2

Eg vil på det sterkaste protestere på at det blir regulert inn ein turveg/tilkomstveg G15, og som blir lagt gjennom min hage. Ein slik turveg vil bli til sterk sjenanse for meg og forringe verdien på min eigendom. Vil også minne kommunestyret på at det allereie er ein gang- og sykkelveg på austsida av eigendommen langs den kommunale vegen. Då denne vegen blei bygd måtte vi også avstå grunn.

Etter at vi grunneigarar fekk gehør for våre innspel til kommunestyremøte 25.3.2021 er det no berre G15 over min eigendom som står igjen av den tidlegare planlagde vegen langs sjøen.

Eg vil på det sterkaste oppmode kommunestyret til å velje Alternativ 1.

Med venleg helsing



Marianne Skjegstad